

Årsplan TONNING SFO

Årsplan 2025-2026



KOM OG BLI MED!

SFO er eit frivillig aktivitets,- omsorgs og fritidstilbod før og etter skuletid for 1.-4.trinn og for barn med særskilte behov på 1.-7.trinn. Tonning skule har 340 elevar og dette skuleåret er det ca 140 barn som nyttar SFO-tilbodet. Målsetjinga for oss som jobbar på Tonning skule og SFO er å bidra til at SFO skal vere ein god stad å vere for alle barna. SFO skal ivareta og møte behovet som barna har for omsorg, tryggleik, trivsel, tilhøyrse og anerkjenning. Omsorg er ein føresetnad for barn sin tryggleik og trivsel og for utvikling av empati (rammeplan for SFO 2021).

Styrande lovverk, vedtekter og planar

- Opplæringslova § 13-7 pålegg skulen til å ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1.-4.trinn og for barn med særskilte behov på 1.-7.trinn.
- Kapittel 12 , eleven sitt skulemiljø i opplæringslova gjeld også for SFO. Den handlar om barna sin rett til eit trygt og godt psykososialt og fysisk skulemiljø.
- Rammeplan for SFO <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/>
- Vedtekter for SFO i Stryn kommune <https://stryn.kommune.no/tenester/barnehage-og-skule/sfo-skulefritidsordning/>

SFO-tilsette 2025 – 2026

Trine Hegna	Assistent
Marlene F.Vadøy	Fagarbeidar – barne- og ungdomsarbeidar
Jorunn Helene Nilsen	Miljøarbeidar (sosionom)
Alexandra Nolewaika	Assistent
Per Ivar Skåre	Assistent
Anja Førde Mundal	Fagarbeidar – helsefag
Solbjørg Skår	Assistent
Jorill Brekke	Miljøarbeidar (barnehagelærer)
Camilla Haugen	Fagarbeidar- barne og ungdomsarbeidar m/ tilleggsgutdanning
Ruben Siguensa	Assistent
Clara Sæbø	Assistent
Jeanette Brynstad	Assistent
Indre Asta	Fleirspråkassistent

Leiken på SFO

Leiken skal ha ein stor plass i SFO, og barna skal ha tid og rom til lek kvar dag. Alle barn skal få moglegheit til aktiv deltaking i leiken og å oppleve meistring.

- SFO skal legge til rette for å støtte opp om at leiken kan stimulere til vennskap, relasjonsbygging, språkutvikling, undring og kreativitet.
- SFO skal leggje til rette for lek som engasjerer og inspirerar barna i aktivitet og til aktivitet, og som kan bidra til allsidig utvikling og læring. Aktiviteten i SFO skal ha eit tydleg barneperspektiv.
- SFO skal leggje til rette for og inspirere til eit godt leikemiljø for alle barn.
- SFO skal leggje til rette for at barn med behov for særskild tilrettelegging blir inkludert i lek og tilrettelagt aktivitet (rammeplan for SFO, 2021).



Fotballbana på skulen er flittig brukt i SFO tida



Base 1 har laga halloween pynt

Aktiviteter på SFO

I tillegg til den viktige frie leiken, har vi ulike aktiviteter på SFO som vi legg til rette for.

Desse er:

- Leik i vatn (for 2., 3. og 4. trinn): Vi sender ut eige skriv for påmelding etter oppstart i august, og startar i slutten av august begynnelsen av september.
- Kunst og handverk (for alle): Vi legg særleg til rette før jul og påske. Elles i periodar i tråd med barna sine ønske og behov.
- Idrettsleik (for alle): Vi legg til rette for idrettsleik i ballbingen når vår og føre tillèt det, særleg tysdagar. Vi har moglegheit å disponere hallen tysdag og onsdag nokre timar.
- Barna som har tilbod onsdagar, får høve til å vere med på turar, både korte og litt lengre. Døme på korte turar: Biblioteket, Speidarhytta, Jensnaustet med robåt og kano, Sandbakken, Vikalida, leikeplassen på Visnes og i Tonningsbakkane, Kamben, Kiperdammen, Bruagrenda.
- To turar med buss.
- Samarbeid med stryn kommune v/ Siri Linn (der vi blant anna nyttar oss av turnhallen og triangelen der pensjonistane hjelper til).



Her er to bilder frå onsdagsgruppa på SFO. På bildet til venstre har SFO aktivitetsdag ved naustet. På bildet til høgre er det praksiselev Alma i aksjon.

Mat på SFO

Tysdag er det halv dag på skulen og barna får servert eitt måltid på SFO. Onsdag er det heil SFO dag og då får barna eitt måltid, begge desse dagane treng de kun å ta med mat til eitt måltid. Det blir og servert mjølk på tysdag og onsdag. Dei som skal ete frukost på SFO må kome før 08.15

Dei andre dagane et barna frå matboksen sin.

Praktisk informasjon

- Opningstid er 7.30-16.30
- Månadsplan blir sendt ut på Vigilo
- SFO følg skuleruta
- SFO kan halde ope i feriar om det er fem eller fleire påmelde. Det blir sendt påmelding (det er stengt tre veker i juli). Opningstid ferieopen SFO er 08.00-16.00
- Søknadsprosess, endring av plass og oppseiing skal gjerast på vigilo.
- Vedtekter for SFO i Stryn kommune <https://stryn.kommune.no/tenester/barnehage-og-skule/sfo-skulefritidsordning/>
- Om det er spørsmål kontakt ansvarlig på SFO, Bente Frøholm Bente.froholm@stryn.kommune.no tlf: 97503430



Mini motorfestival på SFO (juni 2025)